

Kultursamarbeid - Vestlandsrådet

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

Hovudutval for kultur sluttar seg til at dei fire områda Kulturnettsamarbeid, "Tool quiz", The North Sea Trail (Nordsjøløypa) og matkultur/lokal mat er aktuelle temaområde å utvikle eit nærare konkret samarbeid på gjennom Vestlandsrådet.

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Vestlandsrådet sitt møte 2/07 vart avvikla den 08.03.2007. Blant sakene som var oppe på møtet var sak VRA-9/07 "Kultursamarbeid og tverrsektorielt samarbeid mellom kultur, næring og internasjonalt arbeid".

Til grunn for saka var det lagt fram dokument der det var beskrive utfordringar og muligheiter for vestlandssamarbeid på ulike kulturområde. Ein konkluderte med at det var store moglegheiter og utfordringar for samarbeid med meirgevinst i ulike kombinasjonar på felt som kultur og internasjonalt arbeid og kultur og næring. Eksempelvis såg ein føre seg at dette kunne resultere i ei vestlandsk verdiskapingssatsing innan kulturarv og næring.

Vedtaket som vart gjort var i fire punkt:

- ”1. Det vert arbeidd vidare med aktuelle område innan det tradisjonelle kulturfeltet.
2. Grunnlaget for det internasjonale samarbeidet skal liggja i Nordsjø/Nordatlantisk/Østersjøområde.
3. Kulturgruppa får ansvar for å utarbeida eit kort operativt handlingsprogram som grunnlag for samarbeid og leggja det fram for Vestlandsrådet til sommarsamlinga 2007.
4. Prosjekta må ha politisk forankring i dei enkelte fylka.”

2. VURDERING

Dei fire fylka har administrativt drøfta aktuelle tiltaksområde. Ein har drøfta seg fram til og konsentrert seg om fire innsatsområde der ein meiner at strategiar og handlingsprogram kan gje meirgevinst gjennom eit breiare strategi- og tiltaksarbeid. Forslaget er at følgjande temaområde vert lagt fram for Vestlandsrådet:

- Kulturnettsamarbeid. Utvikle og vedlikehalde nettbasar som presenterar kulturtilbod i dei fire fylka, aktuelt å vurdere samarbeid mellom dei fire fylka på dette, og som ein del av Kulturnett Norge (Sogn og Fjordane utgreier)
- "Tool quiz". Utvikle nettverk i høve til kulturinstitusjonar med tanke på utveksling av frie kunstnarar. Rogaland er alt med i eit EU-program som gjeld utvikling av internasjonalt utvekslingsarbeid gjennom "Tool quiz" (Rogaland utgreier)
- The North Sea Trail (Nordsjøløypa). Eksisterande samarbeid mellom dei fire fylka inn mot EU-program, der ein tilrettelegg ulike (gamle) ferdselsårer. Her har ein konsentrert seg om kystleia og postvegen. Forslaget er at ein saman søker om nytt EU-prosjekt. (Hordaland utgreier)
- Matkultur/lokal mat. Utvikle nettverk knytt til lokal mat i høve heile verdikjeda (Møre og Romsdal utgreier gjennom samarbeid mellom landbruksavdelinga, regional- og næringsavdelinga og kulturavdelinga)

Engasjement på alle dei fire temaområda vil vere interessante/relevante sett i høve realiseringa av fylkesplanen sine mål, og kan lett koblast til ulike gjennomføringsstrategiar/prosessar (programarbeid, sektorstrategiar, m.m.). Eit evt engasjement vil involvere ulike partar i fylket.

Når det gjeld Kulturnettsamarbeid er Sogn og Fjordane allereie inne og utfører tenester for Møre og Romsdal. Det er også etablert kontakt med Hordaland med tanke på å utføre tenester for dei. Ei mogleg vidare satsing gjennom Vestlandsrådet vil kunne vere med på å gje dette

arbeidet eit tydelegare regionalt fotfeste, noko som også vil telje positivt ved t.d. søknad om statlege midlar. Sogn og Fjordane vil her kunne markere seg positivt med sin kompetanse.

Når det gjeld Nordsjøløypa har vi alt gode erfaringar så langt med første prosjektperiode, og det vil vere ønskeleg å kunne halde fram dette arbeidet inn i eit nytt EU-prosjekt.

På lokal mat er Sogn og Fjordane kanskje det fylket som er komne lengst, samstundes som det enno står mange utfordringar att som med fordel kan løftast fram og arbeidast vidare med i eit Vestlandsperspektiv. Fylkesdirektøren har informert Fylkesmannen v/landbruksdirektøren om dei tankar som ligg føre no, og fått positive signal på at dei kan bidra i eit samarbeid her.

Engasjement gjennom "Tool Quiz" er nytt for Sogn og Fjordane. Dette vil kunne vere med på å opne nye moglegheiter for utveksling av utøvande kunstnarar.

Fylkesdirektøren har så langt ikkje vurdert ressursbehov, men er innforstått med at det vil vere eit sentralt område å gå inn på dersom Vestlandsrådet sluttar seg til eit vidare samarbeid her. Samstundes vil det vere sentralt å sjå nærare på kva rolle ulike aktørar kan og skal ha i dei ulike satsingane.

Det vil bli utarbeidd skisse til strateginotat som blir lagt ved saka til Vestlandsrådet. Aktuelle handlingsprogram må bygge på eit breiare utviklingsarbeid. Det vil først etter Vestlandsrådet si eventuelle tilslutning, vere aktuelt å legge ressursar i utvikling av handlingsprogram med brei deltaking.

3. KONKLUSJON/TILRÅDING

Ei satsing på dei fire skisserte områda er etter fylkesdirektøren si vurdering i tråd med overordna strategiar i fylkesplan/fylkesdelplaner/fylkesplanprogram/forslag til kulturstrategi.

Fylkesdirektøren er positiv til at Sogn og Fjordane sluttar seg til at dei fire områda Kulturnettssamarbeid, "Tool quiz", The North Sea Trail (Nordsjøløypa) og matkultur/lokal mat er aktuelle temaområde å utvikle eit nærare konkret samarbeid på gjennom Vestlandsrådet.